

# **ÅRSMELDING 1996**

## **JOSTEDAL SPEL OG DANSARLAG.**

Årsmøtet vart halde på Solvang Kafe, 9.feb.1996.  
Etter møtet var det servering og dans. 22 medlemar møtte.

Styret i meldingsåret har vore:

Leiar: Dagrun Hesjevoll	Kasserar: Solveig Sperle
Skrivar: Mari Ormberg	Styremedl. Sjur Gjerde
Styremedl. Jon Geir Sperle	

Laget har hatt liten aktivitet i 1996, men ein del arrangement har ein likevel delteke på og skipa til.

### Opplæring /Øvingar:

Fram til ferien var det faste øvingar for juniorane og for rekruttane i spel på hardingfele, med Harald Hesjevoll som instruktør.  
Frå hausten av har dei eldste jentene vore på skule i Sogndal og hatt lite høve til øving i laget, men dei har deltek på øving i Sogn Spelemannslag.  
Dei tre yngste elevane har hatt fast øving kvar måndag.  
Dansarane har hatt nokre øvingar framføre kappleikane.

### Kurs.

1.- 3. mars var det dansekurs med Gunnar Rødal for born og voksne. Det var eit fint kurs og dei som deltok hadde mykje moro, men det hadde vore god plass til fleire. Også skulen og barnehagen fekk dansetimar.

Ann Kristin, Mari og Else Marie deltok på kurs for vidarkomne på Vassenden i mars.

Karin og Mari deltok på kurs med Leif Rygg i Sogndal i okt.

Anne Kristine Haugen deltok frå laget på danseinstruksjonskurs i Sogndal.

### Treff /Kappleikar

I mars var det "Juniortreff" på Kaupanger. Marte, Evy Kristin og Bente deltok saman med Harald.

Fylkeskappleiken var på Skei og frå laget deltok Mari, Anne Kristin, Morten, Lars og Sigrunn, med spel og dans.

Landskappleiken var på Vågåmo og var ein historisk kappleik for laget i og med at det var fyrste gong laget stilte opp i lagspel på ein landskappleik.

Mari deltok i hardingfele kl C og Anne Kristin og Morten i dans kl B.

Vestlandskappleiken var i Bergen. Lars og Sigrunn dansa i kl A og tok 2. premie. Anne og Morten dansa i kl B og tok ein fin 1. premie. Mari deltok i hardingfele kl C og tok ein fin andre premie.

Fylkesmeistarskapen i gamaldansmusikk vart skipa til i Naustdal for fyrste gong. Frå laget deltok Harald på trekkspelet og fele.

Landsfestivalen på Fagernes: Harald Hesjevoll var ein av domarane.  
Vestlandskappleiken i Bergen: Asbjørg Ormberg var domar i song.

#### Møter o.a.

Laget har delteke på møter i bygdalaget og deltok i underhaldning og arbeid 17. mai.

Bispevisitas: Harald, Mari, Ann Kristin og Karin deltok på festmiddagen i samfunnshuset med spel og Anne og Morten dansa.

Harald og jentene spela spel og for ein organisasjon som hadde samling på Solvang Pensjonat same kvelden.

Harald og småtentene deltok på Musikkafe i samfunnshuset.

I september skipa laget til konsert med Håkon Høgemo og Knut Hamre, i samarbeid med Breheimssenteret.

Julebord hadde me på Solvang kafe også i år, med fullt hus og fin stemning.

#### Møter :

Årsmøtet i Sogn og Fj. Folkemusikkklag: Harald Hesjevoll

#### Ymse.

Sidan medlemene i "Elles" er medlemar i laget vårt, så tek med at dei gjorde det godt i tevlinga "Kappspel" som gjekk i NRK - radio og tv i vinter. Også denne gongen nådde dei semifinalen. Godt gjort iblandt så mange deltakrar.

Lars Stølen, fyrste leiaren i laget, deltok i år på feleutstillinga på Landskappleiken og oppnådde bronsjemedalje for fela han deltok med. Lars har bygt få feler, så dette var svært godt gjort.

Aksjonen "Tryggare skuleveg" Laget bidrog med kr. 500.- til kjøp av refleksmateriale til skuleborna.

Elles har Edvin arrangert bingo og skaffa ein del midlar til lagskassa.